

Foreldremøte 3-4 årssteg torsdag 27.08.2015

1. Val av referent

Ida Marie Nordahl

2. Info om gruppa og organisering av pensum

De har samkjørt læringen med parallelle tema. Derfor kan det bli litt hopping i bøkene. For 4.klasse blir det litt repetisjon ved gjennomgang av pensum til 3.klasse. Samtidig som 3.klasse får snust litt på 4.klasse pensum.

3. Timeplan, vekerutinar og vekeplan

Flott timeplan på veggen som viser kva bøker dei skal jobba med, eller om dei skal ha gym eller kontortid. Kvar elev har sin kontorpult og sin pc. Her er det viktig med god orden og det har de vore veldig flinke til så langt. Kvar morgon har dei faste rutinar med bl.a vær stasjon der dei registrerer vær og temperatur som blir teikna inn på ein graf.

Kvar elev får utdelt ein arbeidsplan som dei skal jobba med på skulen i kontortida. Denne arbeidsplanen er tilpassa kvar elev. Då får eleven ansvar for eigen læring og skal sjølv prøva å komma fram til kva oppgåver det er lurt å begynne med og kor lang tid dei kan bruke. Kvar fredag tar lærar og elev ein gjennomgang på arbeidsplanen.

Stasjonsundervisning; her vil det variera kva grupper som vert sett opp. Det kan vera bl.a. motorikk i gymsalen, lesegruppe, og engelskgruppe. Gruppene varierer frå gang til gang, og det vil ikkje bli likt for alle elevene. Dette er det lærarane som bestemmer utifrå kva eleven treng.

4. Lekser.

Dei vil få same lekser kvar veka. Dei går gjennom leseleksa på skulen slik at dei får ein tekst dei er kjent med. Dei kan få litt tekst som de skal øve ekstra på. Dette skal dei lesa høgt for klassen om fredagen.

Dei har skrift gjennomgang med Margunn der dei ser på kva som er bra og kva som må øvas meir på.

Vi foreldre må og lesa lekseplanen då det vil stå beskjedar der til oss og.

Dersom ein elev ikkje har fått gjort leksene så skal han/ho ikkje grue seg for å komme på skulen og sei det. Då kan ein finna ei løysing på skulen for når leksene skal gjerast. Det er vi foreldre som er ansvarlige for at leksene vert gjort og dersom det er problem/utfordringar med leksene så må ein ta det opp med læraren.

5. Orden

Viktig med gode rutinar og orden.

6. Årsplan og aktivitetskalender

Det er satt opp årsplan, men utan datoar for når temaene skal gjennomgås. Denne kan ein få ut om ein ønskjer.

Etter haustferien vert det svømming kvar måndag fram til juleskulen. 4.klasse har ein del svømmekrav som dei må få godkjent dette året.

Prosjektveka i veke 40, tema er ikkje fastsatt.

Skulen skal være med på Blimed dansen.

27.nov har vår klasse underhaldning på morgonsamlingen.

11.sept vert det fjelltur for heile skulen.

17.sept vert det foreldrerådsmøte.

Veke 49-51 juleskule.

Julefest torsdag 17.12

Julegudsteneste mandag 21.12.

Det vert satt opp foreldresamtalar ganske kjapt.

Husk lusesjekk kvar fredag.

Ved sjukdom så kan ein gje beskjed til Bjørghild på e-post eller sms. Ho sjekkar alltid e-posten om morgonen.

7. Saker frå føresette

Ingen.

Myking 27.08.15

IMN